

MISJONSSITUASJONEN I AUST-ASIA

av

AUDUN TANG

Foredrag ved Santalmisjonens generalforsamling
i Fredrikstad 27.—30. juni 1963.

Emnet vårt femner umåteleg vidt. Misjonssituasjonen har ein viss samanheng med t. d. politiske, kulturelle, sosiale og ålmenreligiøse tilhøve. Og me veit godt korleis desse tilhøve kan skifta frå land til land i Aust-Asia.

Der har me t. d. Japan med ei teknisk utvikling som kan konkurrera med kven som helst, på den andre sida t. d. det indre av Ny Guinea som i utvikling på dette område ligg 1 000 år attende i tidi. I det politiske fargebiletet vil ein finna dei same nyansar og kontrastar. Gjer ein i tanken ei reise frå Taiwan via Kuala Lumpur i Malaya over Singapore til Djakarta, så har ein alt fare over ein god del av det politiske fargespektrum. Soleis og med dei ålmenreligiøse tilhøve misjonen står i. I Ny Guinea, på Borneo/Sumatra og det indre av Formosa finn ein framleis levande, animistisk naturreligion. I byar og industri- og skulesentra finn ein moderne sekularisme med materialistisk og ateistisk eller agnostisk farge. Men fyrst og fremst står ein andsynes den kompakte mur av muhamedanisme og buddhisme. Men her er atter skilnader. Indonesia med 80 mill. muhamedanarar godkjenner den kristne minoritet på 2—3 mill. som offisielt religionssamfunn, og gjev høve til å gjeva kristendomsopp-læring åt kristne elevar i skulen. Malaya derimot tillot ikkje kristen misjon blant muhamedanske malayar.

Jamt over i Aust-Asia er dei kristne små minoritetar som i tal druknar i folkehavet. Men der finst eit par unntak. Såleis er Batakland på Nord-Sumatra eit kristianisert område med stort kriste fleirtal.

Så kan ein spørja om det er råd å tala om misjonssituasjonen i

Aust-Asia. Skulle ein ikkje heller tala om dei mange ulike situasjonar? Jau, slik *kunne* ein ta vårt emne, *men* der finst trass i alt nokre sermerkete drag i biletet, visse sams tendensar som gjev rett til å tala om *situasjonen*. Eg har då sett det som mi oppgåve å peika på noko av det som skaper situasjonen i situasjonane. Men må eg få lov å gjera dette på ein spesiell måte: nytta Indonesia og serleg Batakkyrkja som utgangspunkt, seia litt om Batakkyrkja *igår* og *idag*. Har me såleis noko konkret å gå ut frå, vil det kanskje bli lettare å vida ut horisonten og få tak i *litt* av den generelle situasjonen misjonen står i serleg i Sør-Aust-Asia.

I

Kring den vakre Tobasjøen midt inne på Nord Sumatra ligg Batakland. Namnet minner om eit av dei største eventyr i moderne evangelisk misjonssoge.

Nokre km frå vestkysten, ved hovudvegen som i dag går tvers gjennom Batakland, står det ein minnestein. På steinen står skrive: «Her kviler beini åt dei to amerikanske misjonærar Munson og Lymann, ihelslegne og oppetne året 1834. . .». Denne innskrifti står der og minner om kva det kosta å trengja inn i Batakland med livsens ord. Men Guds time slo også der, og i Guds time var også den utvalde reidskapen der, Ludvig Nommensen frå Nord Tyskland. I 1862 drog han frå vestkysten og innerter øyi. Det var ein fårleg veg. Ephorus, Dr. Sihombing fortel at han overnatta i hus «der hår av oppetne menneske enno sveiv i lufti». Malaria tvinga han til å snu. Hollandske styremakter, som enno ikkje hadde makt over innlandet, rådde han frå å dra innatover. Men i november 1863 stod han på fjellovergangen der ein ser inn i den fagre og folkerike Silindungdalen. På vegen nedetter dalen fylgde folk etter han og ropa: «Hei du hollendar, hundsungne, rotteunge, du med geiteaugo. Hå, «anak ni Pohan» vil koma og hogga hovudet av deg og gløypa i seg kjøtet av deg!»

Han kalla den fyrste bustaden sin Huta Dame (fredens bustad). Men den fred som verdi gjev var der ikkje mykje av. Dei

freista riva huset hans ned, dei smaug seg inn i kjøkenet og la gift i maten hans. På ein stor offerfest i 1865 tala åndi og kravde Nommensens liv.

Men Gud ville det ikkje soleis. Same året vart dei fyrste huslydane i Silindungdalen døypte. Heile dalen kom i opprør mot misjonærane og dei nydøypte. Bod vart sendt til Radja Singamangaradja, hovdingen over alle hovdingar. Han, om ingen annan, skulle gjera ende på dei kristne og alt deira verk. Men ein pest skipla alle desse planar. Tvert om, 10 år seinare, i 1876, stod misjonærane midt inne i Singamangaradjas segnomsuste rike ved sørstrandi av Tobasjøen. Han reiste seg atter til strid, men no greip den hollandske styremakti inn. Og no kan me ikkje gå i detaljar om korleis evangeliet breidde seg som ein eld kring Tobasjøen. 1903 er eit viktig år. Då gjekk misjonen over fjelli og inn i Aust Sumatra. Eit klokt og vågsamt steg i misjonstrategien. For tusenvis av batakkar braut snart opp frå innlandet og nedover dei vide ris- og plantasjefelti som breier seg utover mot austkysten. I 50 år har Aust Sumatra vore det største ekspansjonsområdet for misjonen. Ikkje berre geografisk og i tal. Men her ligg dei store skule- og handelssentra. Her møtte kyrkja andre folkeslag. Her fekk kyrkja sitt vindauga utetter og her kjennest møtet med den nye tid sterkast.

Nokre turre tal kan kanskje og fortelja misjonssoge. Medlems-talet i Batakkyrkja voks slik:

I 1861	—	3 døypte	I 1911	—	103 528 døypte
» 1871	—	1 250 »	» 1921	—	196 706 »
» 1881	—	5 180 »	» 1931	—	292 734 »
» 1891	—	21 779 »	» 1941	—	429 531 »
» 1901	—	47 784 »	» 1951	—	548 836 »
			» 1961	—	ca.750 000 »

Me må no seia nokre få ord om den ytre råma ikring den kristianiseringsprosessen me her har tala om.

Praktisk tala kan ein seia at misjonen og hollandsk koloni-makt kom inn over Batakland samstundes. I visse situasjonar kan ein tydeleg sjå eit visst samspel mellom misjon og koloni-makt. Det er eit tilhøve me ikkje kan gå inn på her, berre *ei* sak

må nemnast. Hollendarane ville ikkje tillata meir enn *ein* misjon å arbeida blant Batakfolket. Soleis kom tysk misjon ved Det Rhinske Misjonsselskap (RMG) til å ha det fulle ansvaret for arbeidet like fram til 1933. Då vart denne lovi sett ut av kraft og andre kom inn, fyrst og fremst den romersk katolske kyrkje.

I byrjingi av dette hundreåret tok den nasjonale rørsla til å reisa seg. Ropet etter fridom og sjølvstende høyrdest også innan kyrkja. Nommensen var vel helst ein framsynt mann når det galdt kyrkjeleg sjølvstyre på det lokale plan. Men i det store og heile vart jo Batakkyrkja styrt etter det mønster som var vanleg, misjonen og misjonæranne styrde. Men særleg i 20-åri lydde sjølvstendekravet med stor styrke. Det vart naudsynleg å arbeida ut ei ny kyrkjeordning som tok omsyn til dette kravet. Den vart ferdig i 1930, og Huria Kristen Batak Protestant (HKBP) vart godkjend av styremakti som sjølvstendig kyrkje. Likevel skulle ein av dei tyske misjonæranne framleies ha øvste tilsynsembete, (Ephorus). Men så kom 1940, alle tyske misjonæranne vart internererte av hollendarane og same året valde synoden ein av sine egne som ephorus.

Heller ikkje Batakkyrkja gjekk fri dei vanskelege og såre problem som ofte har dukka opp når styringsmakt skulle gå over frå misjon til kyrkje. Tyskarane var jo ute av spelet, men hollandsk misjon kom inn for å hjelpa. Og så vart det — mot kyrkja sin vilje — ordna slik at ein stor del av institusjonana misjonen hadde bygt ikkje gjekk over til *kyrkja*, men til *hollandsk misjon*. Sår vart slegne, og batakane har nok ikkje gløymt at også i dette tilfellet var det eit nært samspel mellom misjon og kolonimakti.

Dei siste 20 år har det unge kyrkjeskipet siglt i stormfulle og fårlege farvatn. I 1942 vart Sumatra okkupert av japanarane. Dei var til å byrja med ikkje nett uvelkomne. Men så tok dei til å driva sine idear om eit Stor-Asia gjennom med jarnhard hand og kyrkja fekk ei hard prøvingstid. Kyrkja sine skular vart statsskular. Lærarane som sidan pionertidi hadde vore den faste borg i oppsedingsarbeidet vart reine regjeringsfunksjonærar. Salmesong vart ombytt med krigssong og i lesebøker kom

inn løgnhistorier om Jesus Kristus. Kyrkjehusi vart vanhelga med verdslege talar. Gamalt heidenskap vart oppattnya og ungdomen vart forråa. All slags spel, lotteri og spådomsvesen blømde.

Så kom 1945. Japanarane vart kasta ut av amerikanarane og Sukarno-Hatta proklamerte Indonesia sjølvstendig. Men hollendarane var ikkje til sinns å gje bort sin koloni. To væpna oppgjerd laut til før hollendarane i 1949 sette seg til konferansebordet. I 1950 var den indonesiske republikk eit faktum. Men innbyrdes strid, borgarkrig, gav den unge staten ein vanskeleg start. I Batakland varde geriljaopprøret mot sentralregjeringi like til sumaren 1961, eit par månader før kyrkja skulle høgtida sitt 100 års jubileum.

No er det då fred i landet. Men revolusjonen går vidare. Dei nye idear skal inn i born og ungdom. Eit «guided democracy», fritt i kampen mellom aust og vest — skal byggjast opp.

Etter at Indonesia frå 1. mai i år fekk administrasjonsrett over Irian Barat (Vest Ny Guinea) er den største oppgåva å løysa dei kolossale økonomiske problem landet står i. Grunnlaget og målet er ei spesiell form for sosialisme — «Indonesisk sosialisme».

100 mill. indonesarar spreidde på 1 000 tals øyar skal læra å marsjera i takt. Ei veldig oppgåve — og her ventar styremakti at kyrkja og kjem aktivt med.

Soleis er dei ytre kår kyrkja står i. Her har ho sin plass og sitt kall. I eit vulkansk utbrot av omskifte skal ho vitna om den grunnen som aldri kan omskiftast.

Korleis vart så det livet som voks fram i dei ytre kår me no har skissert? Korleis greidde kyrkja denne overgangen frå pionertidi med vakning og vår gjennom sjølvstendekampen med nasjonalistisk gjæring og uro og fram til revolusjonens storm og kaos?

Det er alltid vanskelegare å skildra innsida av eit fenomen enn å konstatera dei ytre fakta. Det er ikkje lett å døma om indre liv. Men lat oss prøva å få tak i nokre få sermerke i det batakiske kyrkjeliv i går og i dag.

Går me heilt attende til den tid då Nommensen sjølv stod som hyrding for den vesle hjord, så får me eit inntrykk av den ånd og dei normer som kom til å merkja kristenlivet i Batakland for lange tider. Så snart som mogeleg sette han inn eldste i dei små flokkane. Saman med dei sette han i gang eit grundig og systematisk kristeleg oppsedingsarbeid. 5 gonger om dagen ringde ei lita klokke i Huta Dame og minna dei om å halda bøn kvar i sitt hus. Bordbøn og ei bibelsk forteljing skulle lyda ved måltidi. Dei eldgamle batakiske adatreglar vart prøvde på Guds ord. Serleg ymse ekteskaps- og gravferdsskikkar vart blankt forkasta. Men gode skikkar vart tekne vare på, slike som t. d. var uttrykk for vyrndnad for foreldre og familie, gjestevenskap o. s. b.

Luthers katekisme og songboki har hatt mykje å seia i kristningsverket. Songboki er merkt av tysk pietistisk vekkingskristendom. Songen i batakkyrkja er ei oppleving!

Tidleg sikta Nommensen på at kvar lokalkyrkjelyd skulle kunna stå på eigne bein. Ofring og kollekt vart snart kjende og sjølvsagde ordningar. Den som ved sida av dei eldste bar byrdene i kyrkja var *læraren*. Hans oppgåve låg ikkje berre i skulestova, men i kyrkjelyden i det heile, i opplæring og forkynning.

I 1883 vart det fyrste presteseminaret opna, og elevane vart utvalde mellom dei lærarane som hadde vist fin livsføring og givnad for sjelesorg og forkynning. Preiketradisjonen er enno merkt av at prestane hadde vore lærarar fyrst. Forteljekunsten og sansen for klår disposisjon vart framelska. Til i dag står det stor respekt i Batakkyrkja for den gjerning som vart utført i lærar- og presteseminar. Ofte vender denne respekten for det gamle seg om til kritikk mot oss som skal føra tradisjonen vidare på ein ny stad og i heilt ulike tilhøve, nemleg ved Universitas HKBP Nommensen i Pematang Siantar.

Arven frå gamle dagar, tysk pietisme para med respekt for det gode i batakadat finn ein framleies i Batakkyrkja. Men nasjonalistrørsla, krigen og revolusjonen har sett sine spor. Skulane har etter kvart mist den sterke kontakten med kyrkja. Storparten av lærarane er vortne regjeringsfunksjonærar i regjerings-skular. Kyrkja har enno ikkje makta fylla holet etter dei på

barne- og ungdomsfronten. Og det i ei tid då barnetalet aukar kolossalt og då ungdomen står midt i ein lavastraum av nye impulsar og idear. Store mengder av dei har flytt frå det rolege livet i fjelllandet ned til byane, til kinoen, til gata, til skule- og universitetsmiljø der dei sosialistiske ideane flyt rikelegare enn den daglege ris.

Den eldre prestegenerasjon rister på hovudet eller lyfter fingeren. Den nye prestegenerasjon som har åndeleg tyngd og kjærleikens rette elasticitet i denne situasjonen, ja, me speidar etter han, og bed om å få han, men me vågar vel enno ikkje å seia at me *har* han.

Både geografisk og åndeleg har kyrkja no ei mykje vidare kontaktflate enn før. Der ei dør vart stengd har tre nye dører opna seg. Soleis på skulefronten. Det var eit ålvorleg slag for kyrkja at både skulen og lærarane gjekk over til staten. Men samstundes vart dette og ein ny sjangse til konfrontasjon og samtale, fyrst og fremst med den store islam-majoriteten.

Det same syner seg i det politiske. Kolonitidi gav ikkje dei kristne store sjangsen på det området. Onnorleis no. Diskusjonen om idegrunnet for republikken omfatar i høgste grad også religiøse spørsmål. Både islam og kristendom har her fått ei kraftig utfordring til å gjera seg gjeldande på eit nytt felt.

Kort sagt, kyrkja er komen ut i eit vidt slagfelt. Frontane er nye, lengre og meir omskiftande enn før. Det krevst mannskap til dette. Når teologiprofessoren òg skal vera viseordførar i bystyret, eller når tilsynsmannen samstundes skal vera medlem i nasjonalforsamlingi, eller når studenten skal reisa land og strand på store felles studentkonferansar, så vert det ikkje mykje tid til stille meditasjon. Og her lurar utan tvil ein fåre for dei kristne. Har dei åndskraft nok i denne tid som gjev så små sjangsar til roleg konsentrasjon og ettertanke?

I denne opprivne tid er det ikkje å undrast over at dei mange kyrkjesamfunn søkjer saman til samråd. Den nasjonale økumenikken er noko som dei vert drivne inn i av sjølve situasjonen. Tidi spør etter *det kristne* svaret, ikkje etter ei rekkje kristne meiningar.

Eitt land, eitt folk, ein idé — det er republikkens store slagord — og så ligg den tanken liksom i lufti: *ei kyrkje*. Desse einskapstankane har sitt fremste forum i det nasjonale kristne råd. 31 evangeliske indonesiske kyrkjer er medlemmer i dette rådet og herifrå går trådane utover til den regionale East Asia Christian Conference (EACC) og til World Council of Churches (WCC.)

I denne tid då nasjonal og regional einskap er det store ord, er Batakkyrkja komen i brennpunktet på ein serleg måte, nemleg på grunn av sitt medlemskap i L.W.F. Kritikken, som t. d. kom til orde ved 100-års festen i 1961, vil ha det til at dei internasjonale og konfesjonelle band kyrkja har hindrar henne i å ofra seg heilhjarta for den nasjonale økumenikk. Om dette er ein rettferdig kritikk er eit spørsmål me skal la liggja her. Men problemet — som jo ikkje er noko isolert indonesisk fenomen — det bør me merkja oss, for det har med heile misjonssituasjonen å gjera og vil la seg høyra i framtidi.

Me har tala om ei av dei mange unge kyrkjene i Aust-Asia. Når eg har heft meg så lenge ved Batakkyrkja, så er det ikkje berre avdi dette er den konkrete situasjonen eg sjølv fekk oppleva, men også fordi «situasjonen» i Indonesia har fleire typiske drag som er sams for dei fleste kyrkjer i det fjerne Aust. Og me vil no slutta med å gå frå det konkrete til det generelle.

II

Men lat oss denne gongen ikkje gjera det slik at *me* talar om kyrkjene der aust, lat oss heller høyra på kva våre kristne brør har å seia *til oss*, stilla *oss* inn under nokre spørsmål *dei* har å stilla til oss. No finst det ikkje noko organ som kan seiast å vera talerøyr for alle austasiatiske kyrkjer. Men det er eitt organ som samlar dei fleste evangeliske, nemleg East Asia Christian Conference. Om opphavet åt dette organet skal berre nokre få ord seiast. EACC er ein samskipnad av evangeliske kyrkjer i Aust-Asia. Samskipnaden er ei frukt av det arbeid World Council of Churches har hatt på asiatisk mark, kan altså seiast å vera ei *regional side* av den økumeniske rørsla som samlar seg i WCC.

Asiatisk kyrkjeleg samarbeid er hovudsaki. EACC vart organisert i 1957 i Prapat på Sumatra og hadde sin fyrste offisielle konferanse i 1959 i Kuala Lumpur, hovudstaden i Malaya. Eit viktig møte vart halde i Bangalore i Sør India i 1961 nett før stormøtet i New Delhi, og endeleg hadde EACC tre «situation conferences» i februar/mars i år, ein i Madras for India, Pakistan, Ceylon, ein i Amagisano for Japan, Okinawa, Korea, Hong Kong, Taiwan og ein i Singapore for Thailand, Burma, Singapore, Malaya, Borneo, Sarawak, Indonesia, Filipinane, Australia, New Zealand.

Der ligg føre rapportar frå desse møti — den siste nettopp publisert — og gjennom desse rapportane vender EACC seg med ei rekkje spørsmål til kyrkjene i aust og *vest*.

Det er ymse meiningar om EACC også i denne møtelyden. Og sjølv sagt står det oss fritt, ja, det er vår plikt å vega og vurdera dei synsmåtar som kjem fram i rapportane. Men me skulle vel kunna semjast om ein ting: her talar leidande menn for den største delen av dei asiatiske evangeliske kyrkjer. Her lyder det tonar som me i alle fall må *høyra* på om me vil forstå korleis *dei* tenkjar som meir og meir skal føra misjonen vidare. Den gjæring og nyorientering som kjem til uttrykk gjennom dei spørsmål som EACC stiller til oss *er* ein del av misjonssituasjonen.

Den danske lektor i misjonsvitskap ved universitetet i Århus, Johannes Aagaard, heldt ved den Skandinaviske Misjonskonferanse i Danmark ifjor eit foredrag der han prøvde å analysere dei spørsmål som til den tid låg føre frå EACC til dei vestlege misjonar. Han samla den store stoffmengdi i tre spørsmål som eg vil få lov til å stogga ved. For det fyrste spør EACC:

1) *Kva er kyrkja og korleis kan ho rett realiserast i Asia i dag?* Det som har skapt dette spørsmål er trongen etter å nå fram til ekte sjølvstende for dei asiatiske kyrkjene. Med kraft går ein inn for å avvikla det gamle mønster der misjonen står ved sida av kyrkja og styrer, direkte eller indirekte. Med irriterande klårsyn set ein fingeren på alle ordningar og institusjonar som måtte kunna sleppa noko kyrkjeleg kolonivelde inn bakdøri. Serleg kjem pengepolitikken misjonane fører i brenn-

punktet. Uforfærd spør våre brør: Er det nytestamentleg kyrkjesyn at *makti* skal liggja der *pengane* er. Ingen som har hatt det minste å gjera med slike ting, vågar å dra seg undan eit slikt spørsmål.

Vidare vert det spurt: Kan den asiatiske kyrkja bli effektivt misjonerande så lenge ho er oppdelt etter eit mønster som kjem frå Europa med sine mange nasjonalkyrkjer og misjonar? Dermed står me framføre det andre hovudproblem:

2) *Konfesjonsproblemet*. Skræmande ukonvensjonelt går EACC laus på dette eksplosive stoffet og spør om ikkje den konfesjonelle oppdeling er ei hindring for Guds rikes sak i Aust-Asia.

Her blir me alle bedne om å tenkja gjennom ei sak som misjonærar kanskje har kjent meir brennande enn dei fleste.

Særleg ser EACC med mykje mistru på de konfesjonelle verdsorganisasjonar som L.W.F., den presbyterianske, den baptiske verdsorganisasjon og andre. Ein ottast i desse organisasjonane, ikkje minst på grunn av dei økonomiske ressursar dei representerer, at gamalt formyndarskap skal sleppast inn bakdøri. Det nasjonale og regionale sjølvstende vert sett opp mot det verdskonfesjonelle.

3) *Det siste problemkompleks gjeld: Misjonsdimensjonen i kyrkja*. Med aukande styrke vert det slege fast at misjon er kyrkja sin livsfunksjon. (Difor var for dei asiatiske kyrkjene integreringi av International Missionary Council og WCC ei sjølvsgd sak alt før ho var eit formelt faktum). Men sidan misjon så sterkt vert aksentuert som eit kyrkjeleg livsuttrykk, så har EACC eit påtrengjande spørsmål til dei vesterlendske misjonar. Spørsmålet kan formast omlag slik: Er de viljuge til å la dykkar misjon gå inn i eit organisk samarbeid med kyrkjene? Det er distinksjonen *kyrkje og misjon* ein ottast, fordi ein så sterkt vil slå fast at *kyrkja er misjon*.

Denne misjonsproblematikken er det som bl. a. har ført spørsmålet om *misjonæren* og hans plass inn i brennpunktet. EACC har nærgåande spørsmål til oss om misjonærutdanningi. Kvar bør misjonæren utdanast, i vest eller aust? Kva slags utdanning bør han ha? osv., osv.

På dei tre konferansane som vart haldne i februar/mars i år (Madras, Amagisano, Singapore) var det nettopp misjonen som var hovudtema. Ein av dei indonesiske delegatane sa til meg før han drog: Me skulle prøva å få noko sett i verk, ikkje berre diskutera! No, dei mange planar rapportane talar om kan knapt setjast i verk utan at *misjonane* er med. I alle fall bør ikkje det skje. Difor er det at me bør lyda etter spørsmåli frå aust.

Det store slagordet i desse konferansane har dei fått frå WCC: «Joint action for mission.» Dette tema vil me truleg få høyra meir om i dei næraste åri. Sterkt blir det slått på at den politiske og sosiale revolusjon som Asia står oppe i har opna nye dører for misjon.

«Total misjon» er eit omgrep som vert nytta for å få fram at misjon ikkje lenger er eit isolert spesialfelt, men er kyrkja sitt møte med *heile* samfunnet i *alle* sine funksjonar. Eit nytt møte mellom kristendom og religionane kan koma i stand, meiner ein, dersom kyrkja i denne nye situasjon er lydig mot Jesu Kristi kall. Men lydig mot kallet kan kyrkjene berre vera dersom det tradisjonelle mønster for menighetsliv og misjon vert lagt om. Presten og presteutdanningi kjem i søkjelyset og det vert nemnt at *lekfolket* må aktiviserast.

Men framom alt vert det hamra inn at den «totale misjon» må vera «joint action» «samla aksjon». Alle kristne i eit geografisk område må saman sjå sitt kall og realisera det. Korleis dette konkret skal skje vert det ikkje gjeve noko patentløyising på. Ein er klår over at eit slikt prosjekt vil kosta mykje tolmod og mange offer. Og til vesterlendsk misjon kjem spørsmålet om me vil vera med på å gløyma våre eigne interesser for å fremja Guds sak.¹⁾

Det vert ikkje tid til å vurdera spørsmåli som her kjem til oss. Eg ville heller ikkje i dag våga meg på ei slik vurdering. Dei siste dokumenti frå EACC er jo nettopp offentleggjorde, og går altså til kyrkjene nettopp som spørsmål til ettertanke og drøf-

1) Generalsekretær Johs. Skauge har i si treårsmelding til Det Norske Misjonsselskaps generalforsamling i Bodø 1963 merka seg spørsmålet og gjev uttrykk for at det er eit ålvorleg spørsmål.

ting. Situasjonen er altså den at noko svar enno ikkje har kome, stort sett. Der står me, slik er situasjonen og eg kunne slutta her.

Men la meg likevel slutta med eit par/tre tankar som har arbeidd seg fram:

1) For oss som står i Batakkyrkja er det ein sjølvsgd ting at når kyrkja spør, så må me høyra. Om ein ikkje tok spørjaren ålvorleg, ville ein der ute heller ikke *sjølv* verta teken heilt ålvorleg.

Mi personlege meining er at me må øva oss i den tanken at der no tek til å koma spørsmål og framlegg *frå aust til vest*. Dette er misjonssituasjonen. Me kan ha ymse syn på eit organ som EACC. Mi personlege meining er at jamvel om der ikkje var noko EACC, så ville desse spørsmåli like fullt vera der. Det er desse ting som ligg i lufti og er med å skapa *situasjonen*.

2) Ein kan la seg skræma av den kvasse tonen og dei kraftige grep på vanskelege ting. Kanskje det er lettare for ein som har opplevd litt av klimaet i ein av dei «new emerging forces» å forstå denne tonen og dette hastverket. Dette er skapt av den sosiale situasjon kyrkjene står i. Pulsen pikkar fort og hardt. Det var ikkje vanskeleg å kjenna att «situasjonen» i desse ordi av Johannes Aagaard: «En kristen i Asien bliver med sin samvittighed socialist, før han bliver filosof, får kærlighed til social handlen, før han får kærlighed til præcis tænkning.»

Dette må ein ha i tanken, men her synest eg me og har eit utgangspunkt for det svar som må gjevast.

Fåren våre brør står i er at dei sprer seg på for mange ting. Dermed går det ut over konsentrasjon og *djuþn*. Det me i all audmykt må prøva å overtyda dei om er at det går an å bli så gripen av situasjonen at situasjonen tar makti over Guds ord. «Situasjonen» må teologi og forkynning ta ålvorleg. Kyrkjene må vera aktuelle og effektive. Men ein må kje gå ut frå at «situasjonen» i seg sjølv stiller menneski andsynes dei rette spørsmål. Guds ord må få skapa situasjonen. «Det viktigste ved situasjonen er at situasjonen ikke er det viktigste», sa Berggrav ein gong. Me må prøva å få sagt dette til våre brør. Elles vil dei koma i stor fåre i den «dialog» dei ynskjer å føra med samfunnet og med

dei store religionane. Dei lar seg altfor mykje diktera av situasjonens problemsstilling og tendensen til *upresise slagordsvar!* Blant studentane der ute er sosiologi det store motefag. Sjølv-sagt! Samfunnet er problembarn og visjon samstundes. Me må prøva å visa at *Kristologi* og *Eskatologi* for kyrkja går føre sociologien. Kristologien treng dei for å sjå på nytt «det eine naudsynlege». Eskatologien må visa at Guds rike er noko anna enn eit sosialistisk tusenårsrike.

Men skal me ha nokon sjangse til å kunna tala med våre brør, så må *me* og finna ut om ikkje me i vår misjonstenkjing og misjonspraksis heng fast i tankebaner som meir er dikterte av historisk tradisjon enn av Guds ord. Me elsker å tala om *vår* misjon, *våre* misjonsmarker, *våre* dotterkyrkjer. Det ligg noko verdfullt i dette, personleg ansvar, forbøn osv. Det var ei glede å sjå at dei tre siste konferansane i EACC var klår over det verdfulle i denne tankegangen.

Men heile situasjonen i kyrkjene, og ikkje minst det presset kyrkjene står i frå den nasjonale rørsla, gjer, at ein vesterlending må vera svært varsam når han talar om «mitt» og «vårt» i dag.

Men *viktigare* er det at det jo også ut frå Guds ord berre indirekte kan talast om *vår misjon*.

Misjonen er fyrst og egentleg *Guds misjon*. Og det våre unge brør bed oss om er eigenleg dette: Om me vil tenkja etter kor langt *våre* misjonar i dagsens situasjon verkeleg er tenarar for *Guds misjon*.